

Forskning i naturfag

All forskning startar med noko du lurar på som du ønskjer å finne ut av. Kanskje vil du finne ut kva som skjer viss du blandar raud måling og oransje måling. Nokre menneske arbeider med å finne svar på spørsmål som vi lurar på. Dei blir kalla forskarar.



Forskarar Foto:whitehill Barry, Pixnio

Observasjon og hypotese

Når ein forskar skal finne svaret på noko, jobbar han på en spesiell måte. Først *observerer* forskaren. Då bruker han ein eller fleire av sansane for å få informasjon om noko. Når forskaren har samla inn informasjon, lagar han ein hypotese.

Ein *hypotese* er ei mogleg forklaring som kan bli testa i ei undersøking.

Ein hypotese kan sjå slik ut:

«Når vi blandar raud måling med gul måling får vi måling som er oransje»

Teori

Forskarar gjer mange forsøk og undersøkingar for å finne ut om hypotesen stemmer. Forsøka og undersøkingane forskaren gjer, vil gje forskaren en teori. Ein teori er ein testa forklaring på det forskaren lurte på.



Foto: Genomic research, Flickr

Teorien må dokumenterast

Alle undersøkingar må dokumenterast. Det vil seie at forskaren noterer eller tar bilete av det han gjer undervegs. Forskaren må kommunisere det han har funne ut slik at andre kan lese det. Då kan andre sjekke om teorien er riktig. Viss mange nok forskarar kjem fram til det same resultatet, kan ein

seie at teorien sannsynlegvis stemmer. Teorien blir sett på som den mest sannsynlege forklaringa heilt til nokon andre forskarar klarer å motprove det. Denne måten å forske på, blir kalla ein *naturvitskapeleg metode*.




Foto: Johannes Jansson, Wikimedia commons


Kjente forskarar

Charles Darwin, Albert Einstein og Isaac Newton er døme på kjente forskarar.


Kan du namnet på fleire berømte forskarar?



Charles Darwin Kjelde: Wikimedia commons



Albert Einstein Kjelde:Wikimedia commons



Isac Newton kjelde:Wikimedia commons